

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.12.22

Stad: Marianne bakeri og kafé

Sak 34/22.

Fjellstrebudsjettet for 2023

Budsjettframlegg er utarbeidd. Som samanlikningsgrunnlag er medteke rekneskapstala for 2021, budsjett og prognose for 2022. I prognosene for 2022 er det m.a. teke utgangspunkt i rekneskapstala per 31.10.22.

Budsjettforslaget for 2023 legg opp til balanse mellom inntekts- og utgiftssida.

Kommentarar til postane i budsjettet:

INNTEKTSSIDA:

3011 Utleige arbeidskraft

Gjeld avtalen om utleige av ½ årsverk til Aurland Setjefisk BA, ½ årsverk til kommunen (viltforvalting, felles landbrukskontor ÅLA), tenestesal til SNO, i tillegg til anna tenestesal. Grunna nedgang i venta oppdragsmengd, har eg føreslege ei samla inntekt av tenestesal som ligg ein god del under det som var budsjettert for 2022.

3012 Villreinutvalet - refusjon oppsyn/sekretær

Reknar med like stor arbeidsmengd som i 2021 og -22. Sjølv om det no er att rein å forvalta berre i sone 2, skal jobben gjerast med sekretær- og kasserararbeid for utvalet, oppsynsleiar og oppsyn under jakt. Ein ny driftsplan for sone 2 vil krevja mykje arbeid. Fjelloppsynet vil truleg framleis vera sentrale i gjennomføringa av teljingar i villreinområdet.

3300 Statskog – tilskot oppsyn

Etter fjellova skal 50 % refunderast, men statsbudsjettet avgjer reell refusjon. I statsbudsjettet for 2023 er det lagt inn ein solid oppgang i samla løvning til refusjonspotten til fjellstya (+7 mill kroner). Budsjett for oppsynet i Aurland, vedteke av fjellstyret, er sendt til Statskog SF. Eg går i budsjettframlegget her ut frå at tildelt sum vert noko avkorta i høve til omsøkt tilskot Full tildeling – 50 % kostnadsdekking ut frå innsendt budsjett - ville ha gjeve kr 623.000 i tilskot.

3302 Erstatningar Eco Energi

Desse vert regulerte etter konsumprisindeksen med visse mellomrom (kvart 4. år) Regulering skjedde sist ved utbetalinger i 2019. Det er såleis venta auke i 2023 – den oppsette summen er utrekna ut frå indeksutviklinga i 4-årsperioden 2018-22.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.12.22

Stad: Marianne bakeri og kafé

Sak 34/22, side 2.

INNTEKTER, FRAMHALD:

3303 Tilskot grunneigarfondet Statskog /Miljødirektoratet

Tilskot til friluftstiltak for born og unge – skulefiskedagane - er teke med her. Det er transporten av skuleborn til fiskedagar i fjellet fjellstyret har avtalt med skulane å dekka. Vidare er det rekna med eit tilskot til gjennomføring av fiskedag for personar med innvandrarbakgrunn.

3304 Oppsynstilskot grunneigarar

For oppsyn på privat grunn i Aurland gjennom året, 1 øre pr. daa, i følgje mangeårig avtale med grunneigarlaget.

3306 Fiske

Isen låg lenge på fjellvatna, og veret var berre måteleg bra sist sommar, noko som gav ein nedgang i kortsalet. Eg reknar med at fiskekortinntektene (fjellstyret sin del av Aurlandskortsalen + sal av garnkort) vil halda seg på dette nivået framover. Fjellstyret har gjort nokre grep som bør gje auka kortsal; revidert fiskereglane for statsallmenningen, letta tilgangen for båtutsetjing på Vestredalsvatnet, meir fokus på fiske på heimesida og sosiale medium m.m. Kortprisane er samordna med kortprisane på dei private sonene i fiskekortordninga.

3307 Sal av fellingsløyve rein

Arealet av statsallmenningen i Vestfjelli, som framleis har reinsjakt, utgjer 39 % av heile allmenningen (rekna i teljande areal for villrein). Fjellstyret auka kortprisane noko i 2019, så nokon vidare auke er kanskje lite aktuelt. Med same fellingskvoten neste år som i år vil inntekta bli om lag uendra.

3308 Sal av fellingsløyve hjort/elg

Inntekta her avheng litt av om elgen vert skoten eller ikkje. Ordninga med sal av dagskort for hjortejakt har gjeve noko auke i inntekta. Den store fellingskvoten som valdet har fått dei siste åra gjev lite utslag for inntekta til fjellstyret, då det i stor grad er talet på felte dyr og kjøtverdien av desse som tel, ikkje tildelt kvote. Eit spørsmål som kan koma opp, er om den planlagde linjebygginga gjennom området vil gå ut over fellinga, og dermed redusera inntekta av jakta.

3309 Småviltjakt

Fjellstyret la i år, som dei føregåande åra, ut eit bestemt tal jaktkort til utanbygds jegerar på nettstaden Inatur, noko som fungerte godt. Alle kort var selde etter kort tid. Med dette opplegget kan ein lett regulera både talet på jegerar og kva inntekt ein ynskjer av kortsalet. Nokre jaktkort vart lagde ut for sal på turisthytta i Stemmerdalen, etter avtale med innehavaren. Kortprisane vart sist auka i 2018. Jaktstart har siste åra vore 25. september. Det vart i år lagt ut nokre tilleggskort på Inatur i oktober, for å gje eit tilbod til interesserte. Eg legg til grunn det same kortsalet neste år som i 2022.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.12.22

Stad: Marianne bakeri og kafé

(Sak 34/22, side 3)

3310 Festeavgifter

Fjellstyret har krav på 50 % av dei festeavgiftene som vert innbetalte til Statskog SF for hytter og overnattingsverksemder i statsallmenningen.

3311 Overnatting fjellstyrehytter

Fjellstyret justerte prisane på uteleige av hytta i Håbergsholene før sesongen i år, utan at det gjorde utslag på interessa for å leiga. Det er gjort ein del oppgraderingar av hytta i Brubotn, med tanke på å leiga ut denne i ledige periodar. Ein freistnad på å leiga ut hytta gjennom Inatur på vårparten i år gav ikkje resultat. Prisen for overnatting på dei opne fjellstyrehyttene har i 9 år lege fast på kr 100. Eg meiner fjellstyret bør vurdera å auka prisen med 20-30 %, for å halda tritt med kostnadsveksten. Med denne prisauken og noko uteleige av Brubotnhytta vil det kunna leggjast inn ein auke i inntektene frå hyttene i 2023.

3312 Sal av trykksaker fjellstyrekontoret

Salet av bladet "Villreinen." Valdkartet for Nordfjella, som tidlegare har vorte selt gjennom fjellstyrekontoret, er det ikkje fleire att av.

8070 Renteinntekter

Fjellstyret har opprettet sparekonto (Sparesmart.no) med noko høgare rente enn den som den lokale banken kunne gje. I tillegg har rentenivået auka ein del det siste året. Til saman gjev dette ein solid auke i renteinntektene.

UTGIFTSSIDA:

5001 Løner oppsyn

Eg har rekna med 4,4 % lønsauke det komande året og 3,9 % auke frå 2021 til 2022, ut frå tal henta frå SSB. Det er og teke utgangspunkt i tala i oppsynsbudsjettet for 2022 som er vedteke av fjellstyret og sendt Statskog SF til godkjenning. Det er 3,5 årsverk fast tilsette i fjelloppsynet. Den oppsette summen gjev ikkje rom for innleige av ekstrahjelp.

5401 Arbeidsgjevaravgift

10,6 % av lønsutgiftene.

5451 Pensjons- og yrkesskadeforsikring

I samsvar med inngåtte avtalar med dei tilsette (4 % av løn).

7101 Bilgodtgjersle

Oppdrag frå andre instansar (som t.d. SNO, kommunen og Aurland Setjefisk) fører til mykje køyring. Ein del av dette kjem att på inntektssida, ved at køyringa vert fakturerert tenestekjøparane. Med to bilar i fjellstyret si eige vert utbetalingera av bilgodtgjersle til dei tilsette for bruk av eigen bil ikkje så stor, men noko køyring med privatbil vert det.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.12.22

Stad: Marianne bakeri og kafé

(sak 34/22, side 4)

7151 Diettgodtgjersle

Nivået på denne har vore nokså stabil. Det er statens reiseregulativ som vert lagt til grunn.

5331 Møtegodtgjersle

Kommunen sitt regulativ for møtegodtgjersler til fjellstyremedlemene vert lagt til grunn.

6471 Driftsutgifter materiell

Drifts- og vedlikehaldsutgifter av snøscooter, tilhengarar, båtar m.v. Det er særleg vedlikehald av snøskuter som stundom kan dra opp denne kostnaden. No er begge skuterane til fjellstyret relativt nye, slik at det stort sett er snakk om rein service på desse.

6472 Firmabil

Månadleg leasingavgift, drivstoff, årsavgift, forsikring, verkstad og andre utgifter til hald av to bilar. Den eine Caddyen kjøpte fjellstyret ut i 2019, etter at leigeperioden gjekk ut. Det er ikkje venta særskilt store utgifter til bilhald det komande året (det vart teke ein større kostnad med byte av partikkelfilter på den eldste bilen i år).

6475 Andre utgifter oppsynsordninga

I tillegg til arbeidsklede, skal summen dekka pålagt sikringsutstyr og godtgjersle for bruk av eige utstyr i samsvar med tariffavtale (7000 årleg for oppsyn i full stilling), og supplering og fornying av dette. Avgifter for sikringsradio, Garmin Inreach og abonnement og bruk av mobiltelefon kjem og på denne budsjettposten

6700 Rekneskap/revisjon

Må rekna med ein viss årleg auke i kostnadsnivået.

6710 Kontorutgifter

Stabilt kostnadsnivå dei siste åra. Omfattar m.a. husleige, internett og kopiering.

7000 Rein og hjort (fellingsavg. m.m.)

Fellingsavgifter for rein, hjort og elg ligg og inne i denne posten. Desse varierer med kvote (rein) og felling (hjort og elg). Legg inn same sum som i budsjettet for 2022.

7001 Fiske

Den føreslegne summen gjeld betaling av setjefisk kjøpt frå Aurland Setjefisk SA. Fjellstyret har fått overteke ein del prøvefiskegarn frå Statsforvaltaren, og sparar såleis kostnad med supplering av slike.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.12.22

Stad: Marianne bakeri og kafé

(sak 34/22, side 5)

7002 Hytter, drift

Den oppsette summen skal dekka kostnadene med drift, t.d. ved og gass, vask av sengeklede, og rutinemessig vedlikehald av fjellstyrehytte.

7005 Trykkeutgifter og informasjonstiltak

Kostnaden med å leggja ut informasjon om tilboda i Aurland statsallmenning på Inatur sine sider og drift av fjellstyret si eiga nettside. Utgifter til trykking av jakt- og fiskekart og anna materiell kjem og på denne posten, sameleis annonsering av fjellstyremøta. Ei halv side med fjellstyreinfo i kvart nummer av «Aurlendingen» utgjer om lag halvdelen av budsjettposten. Kjøp av bladet «Villreinen» til alle som tek ut jaktkort for villrein utgjer og ein vesentleg kostnad. Forslag om å halda nivået på budsjettposten uendra.

7006 Mobiltelefon/sikringsradio

Det ser ut til at ein mobil må kjøpast inn i staden for ein som er utslitен.

7007 Båt/naust/motor

Ingen planlagde kjøp i 2023. Til erstatning for ein Pioneer (12') som har havarert ved Melavotni og skal fraktast heim, vert det køyrt inn ein som fjellstyret har liggjande «til overs» ved fiskehuset.

7008 Kontorutstyr

Ingen planlagde kjøp i 2023.

7009 Byte av snøskuter/kjelke/tilhengar

Ingen planlagde kjøp i 2023.

7020 Hytter, bygningstiltak

Melahytta:

- Kledningen på eine langveggen (ned mot vatnet) er dårlig og bør skiftast. Materialkostnad 25.000. Batteri til solcelleanlegg må skiftast, kostnad 5000.

Håbergsholene:

- Ytterdøra er sliten og bør skiftast ut – kr 10.000.

Brubotnhytta:

- Eit gammalt vindauge i stova bør bytast ut med nytt – kr 5000.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.12.22

Stad: Marianne bakeri og kafé

(sak 34/22 side 6)

7790 Tilskot til allmennytige føremål

Kan løvvast av overskotet i fjellkassa, jfr. § 11 i Fjellova. Føreslår ein redusert sum i høve til det som har vore i budsjettet dei siste åra, grunna stramt budsjett.

7760 Tiltak i allmenningen

Kostnaden med gjennomføring av fiskedagar for skuleklassar og «innvandrarfiskedag» vert ført her.

7141 Møte/kurs/reiser

Skal dekka alle kurs- og møteutgifter både for fjellstyremedlemar og tilsette, medrekna reisekostnader. I 2023 vert det ikkje landsmøte i fjellstypesambandet, men det er planlagt samling/kurs for tilsette fjelloppsyn i januar.

7420 Kontingent Norges fjellstypesamband

4 % av omsetnaden til fjellstyret i 2022, ut frå vedtak på NFS sitt landsmøte. Reknar med same innbetaling som i 2022.

7425 Kontingent og tilskot villreinutvalet

Fjellstyret betalar fast kontingent, 2 øre/daa i år. I tillegg vert det betalt eit oppsynstilskot for å dekka noko av villreinutvalet sitt jaktoppsyn. For fjellstyra er dette på 3 øre pr. daa.

7426 Kontingent Samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda

Dette er ein liten "informasjonskontingent" som fjellstyret betalar for å få all informasjon som vert utsend. Fjellstyret har møterett i dette organet.

7510 Forsikring hytter og materiell

Går ut frå omlag same nivå på forsikringspremien som det siste året, eller ein liten auke.

7021 Garasje

Årleg leige for garasje og lagerplass til Aurland Setjefisk SA.

6010 Avskrivningar

Første gong nytt i 2019-rekneskapen, etter krav frå revisor.

8169 Finansutgifter

Gebyr og rentekostnader.

Fjellstyrekontoret, den 30.11.22

Harald Skjerdal